

80 år sidan mineleggjaren TYR var i Uskedalen.

16.04.2020



Mineleggjaren TYR slik den såg ut i 1940.

Det er 80 år sidan krigshendingane i Herøysundet og Uskedalen. Mineleggjaren TYR var sentral i dei norske marinestyrkane som hadde sin base i Uskedalen april dagane 1940. Det var difor interessant i dag, torsdag 16. april, då det nye og moderne mineryddarfartyet KNM OTRA gjekk gjennom Storsund, på inn kring kl. 12.00 og på ut kl. 20.40.

TYR var mineleggjar fram til 1946. Fartyet, ført av kaptein Ulstrup, var saman med vaktbåtar og torpedobåtar, med i kampene i Kvinnherad. Desse hendingane er godt dokumentert i krigshistoriske kjelder.

Fartyet vart bygd i Horten i 1887 og var mobilisert både i 1905 og under dei to verdskrigane. Opphavleg var det ein kanonbåt, men i 1913 vart det ombygd til mineleggjar,



Nytt og moderne mineleryddarfaty, KNM OTRA, gjekk gjennom Storsund to gonger i dag, torsdag 16. april.

KNM Tyr er ombygd ved Gravdal skipsbyggeri på Sunde to gonger, fyrst til tungløfteskip og seinare til ferje. Som ferje fekk fartyet namnet BJØRN WEST etter milorgbasen i Nordhordland. Ferjeperioden var frå 1949 til 1980.

Opsongervågen Veteranbåtlag eig det verna fartyet i dag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arkivfoto/ Øystein Enæs



Mineleggjaren TYR ombygd til ferje med namnet BJØRN WEST. Gjekk mykje på Sæveråsvåg - Duesund.